

KINAJAZZ

Den første norske jazzplata vår på nyåret kom i fjor ut i England på engelsk merke, men no står Norge for tur for Parallax og albumet «Live In The UK», som serverer improvisasjon av nesten orientalsk merke, med referansar til mellom anna kinesiske operaorkester.

Ikkje rart då at bandet slo an på ein imponerande Kinaturné i fjor med konserter i alle store byar inkludert Hongkong, og vi snakkar om Stian Omenås, sunnmørsk trumpetist med eigen festival i heimbygda, og Are Lothe Kolbeinsen som på preparert gitar verkeleg gjev ein assosiasjonar til det fjerne aust. På trommer: Ulrik Ibsen Thorsrud med eit mellomnamn som ikkje minst eit stort kinesisk publikum er vel kjent med. Men her er det instrumenta som tel, og som blir traktert på måtar som

ikkje står i boka. Mens Stian Omenås viser seg som ein trumpetist i tradisjonen til både Mile Davis og andre. Omenås er også mannen bak Stian Around The Hill Quartet som i 2009 gav ut albumet «Lille Stille» og som elles lèt trompeten sin høyre i meir enn eit titals band. Som tittelen fortel er plata spela inn live i Cambridge, Buxton, London Edinburgh, stasjonar påturneen i 2009. Snart kan dei dukke opp på ein jazzklubb nær deg.